

Skogs- og linjerydding på Nedre Fet.

13.01.2017



Det er klargjort for linjerydding i lia ved husmannsplassen Tressplass.

Vestskog har starta skogs- og linjerydding på Nedre Fet i lia under Storhaug. Kvinnherad energi er oppdragsgjevar. Linjetraseen går gjennom skog og har i lengre tid vore sårbar for trefelling og rotvelte. Skogshogst og rydding vil sikra linjetraseen og letta vedlikehaldet på denne strekninga. Høgspintelina går lenger oppe i lia og er ikkje omfatta av dette arbeidet.



Mykje av skogen i lia under Storhaug skal hoggast.

Linja går over fleire grunneigarar. Det er laga veg som framkomst for hogstmaskinane Vassledningen, som forsyner Uskedalen, går gjennom dette område. Traseen er registrert og merka. Vassledningen vart graven for hand for om lag 70 år sidan. Det vert iverksett tiltak for å sikra gamle røyrer, - dette for å unngå vassbrot. Truleg må ein skifta til nye røyrer på dei plassane der tunge maskinar vil ta seg fram over vassledningen.

Husmannsplassen Tressplass ligg i dette område. Her er synlege murar. Tressplass vert rekna som eit kulturminne og må takast vare på. Arbeidet som vert gjort no, vil vera eit grunnlag for vidare hogst av hogstmogen skog i og rundt Storhaug.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal